


# Skår, gnr. 155 og 156

Av Knut Raastad, mai 2026



*Frå Lalm 1960. Foto frå Paul Andreas Røstad / Dextra / Norsk Teknisk Museum, digitaltmuseum.no*

## Skår øvre

Gnr. 155 bnr. 1, L.nr. 104, gml.nr 163 og 164

Øvre Skår 1 b.pund fisk som tilsvara 8 skinn tilhørde fru Gyrvild Fadersdotter Sparre, enkje etter Hr. Lauge Brahe. Saman med mykje anna gods i Akershus len vart Skår i 1586 skjøta over frå fru Gyrvild til kong Fredrik 2.

Frå 1612 til 1628 var det Find Skår som var leiglending av krongodset øvre Skår. Finnd betalte skatt av Skår både i 1635 og 1643 sjølv om det da var ny bygslar.

Siffuer Jonsen Rottem betalte bygsel av Skår frå 1635 til 1666. Pål Rottem hadde i 1628 fått pant da han gav lån til kongen, og det ser ut til at pantet vart innløyst ved at Siffuer overtok bygselen frå 1633.

I 1668 var Anders brukaren i øvre Skår. Kiølstad engeland 1 skinn vart i 1668 brukt under Skår og tilhørde bonden Anders. Anders var frå Rottem. I 1673 var det skifte etter Anders Jonsen Skaar f.ca.1606, han var gift med Bergette Guttormsdotter og dei hadde 4 barn:

Jon f.ca.1650

Guttorm

Guri

Anne

Krongodset øvre Skår var ein del av godset som oberst Brochdorf kjøpte. I 1672 kjøpte Tosten Kleppe garden Skår 18 mrk. fisk, dvs. 6 skinn (1/2 hud). Dette vart i 1675 seld til Jon Skår for 40 rd.

Anders Nilsen Skår kjøpte 1 ½ skinn av Jon Andersen Skår i 1676 for 44 rd. Anders Nilsen Skår var gift med Synnøve Hansdotter d.ca.1691, dei hadde ikkje barn saman. Men kanskje hadde Anders ein son:

Nils, neste brukar

I 1678-1680 var både Anders og Nils brukarar av øvre Skår 1 b.pund fisk (8 skinn) saman med 1 skinn i Kjølstad. Nils vart også nemnd som brukar ved skoskatten 1711. Marit Nilsdotter kan ha vore dotter hans, mannen hennar husmann under Skår Ole Nilsen selde i 1732 2 2/3 skinn av Skår som ho hadde ervd, Siver Olsen hadde betalt 27 rd for dette.

Kanskje var Anne dotter til Nils også:

Anne d.ca.1740, neste brukar

Marit, g.m. Ole Nilsen

Siver Olsen Skår kjøpte som nemnd 2 2/3 skinn av Skår i 1732. Siver Olsen f.ca.1678 d.1752 var gift med Anne Nilsdotter d.ca.1740, dei hadde 3 barn:

Ole f.ca.1714 d.1789, neste brukar

Jacob f.ca.1722

Thore f.1726

I 1752 vart det avlyst panteobligasjon frå Siver Siverson til Ole Tordsen Bjølstad på 650 rd, men dette kan vera feilskrift for Siver Olsen.

Ole Siverson Skaar vart 1743 gift med Marit Jonsdotter f.ca.1715 d.1789, dei hadde 3 barn:

Syver f.1743

Anne 1744-1834, g.m. Syver Olsen Bakken Enersplassen

Gunnild f.ca.1753, ugift, ho hadde sonen Ole

Syver f.ca.1755, neste brukar

Eli f.1760, g.m. Thord Andersen

Syver Olsen f.ca.1755 d.1789 overtok i 1780 øvre Skår 8 skinn frå faren for 196 rd. Syver var gift med Mari Simonsdotter f.ca.1760 d.1789, dei hadde 3 barn:

Marit f.ca.1781 d.1789

Ole f.1785

Ragnild 1788-1789

Etter ofsen var det auksjon på øvre Skår, og Syver Olsen Enersplassen fekk tilslaget for 276 rd. 48 sh. med skjøte i 1790. Syver Olsen f.ca.1741 d.1805 vart 1771 gift med Anne Olsdotter Skår 1744-1834, ho var syster til førre eigaren. Syver og Anne hadde 1 barn:

Ole 1772-1863, neste brukar

Ole Syversen Skår overtok etter faren, og panteobligasjon i 1807 var i hans namn. Øvre Skår var da på 7 skinn. Ole Syversen Skår var forpaktarspelemann og etter tradisjonen budde han siste del av livet i Spellmannstugu ved Lalmsbrua. Ole vart 1802 gift med Imbjør Hansdotter f.ca.1778 d.1867 truleg frå Klokkargarden, dotter til ugifte Dorthe Enersdr. og soldat Hans Christensen. Ole og Imbjør hadde 6 barn:

Syver f.1803, g.m. Ragnhild Olsdr. Slaaen f.ca.1802, på Veslesæteren i Rinddalen

Anne f.1805, g.m. Ole Jonsson Sæter 1804-1882

Mari f.1810, g.m. Fredrik Johnsen Sæter f.1807

Marit f.1813, g.m. Hans Jonsson Sæter 1811-1879

Ingri f.1816, til Østerdalen, seinare til Ålesund

Ener 1819-1904, g.1854 m. Kari Olsdr. Kleivrud f.ca.1826 d.1920

I 1811 skjøta Ole Syversen Skår over halve garden til Ole Knutsen for 620 rd, og året etter vart det tinglyst erklæring om at det ikkje skulle hefte odelsrett på hans del. Den delen som Ole Knutsen overtok vart kalla Skår øvre nordre. Kanskje har garden vore delt på langs, nordre delen har da omfatta der tunet på Lauvrud er i dag, og husa som tidlegare stod litt aust for desse kan vera det gamle tunet på øvre Skår nordre. Ole Knutsen f.ca.1783 d.1866 vart 1808 gift med Ingri Jonsdotter Glimsdal / Øy f.ca.1777 d.1852, dei hadde 2 barn:

Ole f.1811, neste brukar

Torø 1814-1902, g.m. Knut Knutsen Svarvarhaugen 1814-1897

Ole Olsen Skaar f.1811 vart 1837 gift med Anne Olsdotter f.1817 dotter til Ole Hansen Svare f.ca.1785 d.1862 og Kari Nilsdtr. Strand n. f.1794. Ole og Anne hadde 3 barn:

Ole 1837-1844

Ole f.1840, neste brukar

Hans f.1843

I 1865 var det to brukarar i øvre Skår, Ole Olsen 1840-1916 var gardbrukar og forpaktar på øvre Skår, men da med berre to kyr og all utsæd vart registrert på den andre brukaren av øvre Skår Peder Olsen. Kanskje var dette på det gamle tunet til øvre Skår nørre og med litt jord. I 1866 budde familien på Rottenseige. Ole vart 1864 gift med Anne Olsdotter Sønsteng f.1827, dei hadde 2 barn:

Ole f.1863

Brit f.1866

Anne hadde med Ole Knutsen Stade n. 1 barn:

Ole f.1853

I 1848 var det skjøte til Hans Gulbrandsen nedre Skår på øvre Skår søre frå Ole Syversen for 500 spd. I 1849 tinglyste sonen til Ole Knutsen, Ole Olsen ein pantobligasjon til Hans Gulbrandsen, men alt året etter i 1850 overtok Hans Gulbrandsen også øvre Skår nørre med skjøte frå Ole Knutsen for 500 spd. Dermed vart Hans Gulbrandsen eigar av heile øvre Skår samtidig med at han også var eigar av nedre Skår. I 1859 vart øvre Skår ln. 163 og 164 og nedre Skår ln. 165 samanføygd til eitt bruk, men i 1871 vart dei skyldsette som to bruk att.

I 1866 selde Hans Gulbrandsen garden øvre Skår til Peder Olsen Høgbrenna frå Lom for 1400 spd. Eit jordskifte i 1864 tyder på at Peder Olsen var kome der da, og andre sonen var fødd på Skaar i 1862; i 1865 var dei gardbrukarar og sjølveigarar på Skår. Peder Olsen f.1825 vart 1860 gift med Embjørg Erlandsdotter f.1833 på Lykre i Skjåk, ho var truleg dotter til Erland Rolvsen Lykre f.ca.1800. Peder og Embjørg hadde 5 barn for det var truleg Embjørg som saman med fem barn utvandra til Amerika i 1872:

Ola f.1860

Erland f.1862

Petter f.1865

Imbjør f.1867

Lars f.1870

I 1872 var det auksjonsskjøte på øvre Skår til Rasmus Olsen Flotten for 1230 spd. Rasmus Olsen skreiv ut ein panteobligasjon på 600 spd. til Ole O Løkre (Ole Lykre var gift med syster til Embjørg Erlandsdtr.). Rasmus Olsen 1817-1875 var son til Ole Olsen f.1788 og Margrethe Olsdtr. f.1790. Rasmus Olsen var gift med Sigrid Olsdotter f.1816, og i 1865 var dei gardbrukarar og sjølveigarar på Flåten i Nordberg i Skjåk. Rasmus og Sigri hadde 5 barn:

Ole f.1844, neste brukar

Ole f.1847

Rasmus f.1850

Live f.1854  
Peder f.1857

Sonen Ole Rasmussen overtok etter foreldra i 1876 med skjøte for 1000 spd. Ole Rasmussen f.1844 var gift med Anne Jacobsdotter f.1842 også frå Lom eller Skjåk, kanskje frå Aaboen dotter til Jacob Hansen og Embjørg Henningsdtr. I 1886 vart det tinglyst kontrakt der Ole R Skaar selde halve avlinga, dette viser at Ole var på Skår dette året. Ole og Anne hadde 2 barn:  
Sigri f.1875  
Imbjør 1876-1877

Ole Olsen Baarstad kjøpte øvre Skaar på tvangsauksjon i 1887, dette var etter forlangande av Ole O Lykre som hadde pant. Ole Baarstad selde garden vidare året etter. Ole Olsen Haaven Baarstad f.1828 frå Skjåk kjøpte Bårstad i 1869 og familien budde der i 1900.

John Olsen Kjølstad kjøpte i 1888 øvre Skår frå Ole Olsen Baarstad for kr 4800. Fyrst i 1913 vart det tinglyst auksjonsskjøte. I 1900 vart John nemnd som sjølveigande gardbrukar på Skår. John Albert Olsen Kjølstad 1869-1950 var son til Ole Arnesen Arnøygarden 1825-1892 og Anne Johnsdotter, Smøla 1835-1926. John var gift med Ragnhild Pålsdotter Snerle s. 1864-1949, dei hadde 3 barn:  
Ole 1901-1977, neste brukar  
Pål f.1903, til Skjåk  
Anne 1905-1985, g.m. Jon Bjørnstad n. 1901-1982

Sonen Ole J Skaar overtok etter faren i 1942 med skjøte for kr 6870, herav lausøyre kr 3200. Ola J. Skaar vart 1934 gift med Marit Teigen f.1907, dei hadde 6 barn:  
John f.1935, neste brukar  
Trygve f.1936  
Ragnar f.1938  
Kolbjørn f.1944  
Odd Magne f.1946  
Steinar f.1950

John Skaar overtok etter faren i 1979. John vart 1979 gift med Mari Helga Holen, Heidal f.1939 dotter til Øivind Holen f.1901 og Kari Mo, Vågå f.1907. John og Mari har 1 barn:  
Ole Øivind f.1979, neste eigar

Ole Øivind Skaar overtok øvre Skaar i 2015.

Hilde Lund Kolden, Lom og Espen Saltvik Gustavsens overtok øvre Skår i 2020.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, Tolstadslekten m.m.  
Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker  
Norske gardsbruk 1953-1997  
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

## Lauvrud

Uppheim gnr. 155 bnr. 2 vart frådelt frå øvre Skår i 1912, kjøpar vart oppgjeve å vera Knut I Rindsæter. Uppheim som ser ut å ha gått inn att i bnr. 1, det ser ut til å til dels vera det same som Lauvrud.

Lauvrud gnr. 155 bnr. 3 vart frådelt frå øvre Skår i 1919 med skjøte i 1920 frå John Kjølstad til Iver O Svarvarhaugen for kr 6000. Dette ser ut til å ha vore eit nytt bruk, men det kan ha omfatta det gamle tunet på øvre Skår nordre. Iver 1885-1959 var gift med Guri Svelstad 1887-1969. I 1914 budde dei på Svarvarhaugen. Etter Lauvrud kom dei til Nersæter og Kleivsletten i Sel. Iver og Guri hadde 11 barn:

- Kari f.1909
- Olav f.1910
- Ella 1913-2003
- Inga 1914-1981
- Ragnhild f.1917
- Olaf 1919-1935
- Johan f.1922
- Ivar f.1924
- Gudrun f.1926
- Bergljot f.1928
- Arne f.1930

I 1922 var det skjøte frå Iver Svarvarhaugen til Ole A Keiven for kr 9000. I 1938 var det auksjonsskjøte til Ole A Kleiven for kr 5900. Ola A Kleiven 1897-1982 var son til Thorø Kleiven n.1874-1917. Ola var gift med Anna Reiremo, Heidal 1901-1994. Ola og Anna hade 4 barn:

- Kari f.1921, neste brukar
- Tora f.1922, g.m. Ivar Statshaug, Dovre f.1917
- Marit f.1926, var g.m. Oskar Haugstulen
- Alma f.1937

Kari vart 1938 gift med Bernhard Sandum 1915-1988 son til Hans Sandum og Anne Tolstadløyken. I følgje Norske gardsbruk overtok Bernhard i 1939. Bernhard og Kari hadde 6 barn:

- Liv f.1939, g.m. Magnus Eide
- Ola f.1941, g.m. Åse Dalen
- Bjørn Kåre f.1947, neste brukar
- Finn f.1948, var g.m. Randi Byrøygard

Eva f.1954, g.m. Ola Rusten, Heidal

Håkon f.1957, g.m. Brit Kleiven

Bjørn overtok etter faren i 1980. Han vart 1980 gift med Ingebjørg Bruøygard, Lom f.1959 dotter til Steinar Bruøygard f.1931 og Margot Kvåle f.1930. Bjørn og Ingebjørg har 2 barn:

Hans f.1980

Øyvind f.1982

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Paul Brun: om det gamle tunet

## Guriheimen

I 1865 var Knut Østensen f.ca.1835 husmann med jord på Einarsplassen under Skår. Det er att tomt etter dette ovanfor driftsbygningen på Lauvrud. Knut Østensen Sørlien var son til Østen Thorsen Lieneie mitti Øygarden f.ca.1794 d.1856 og Anne Syversdotter Aasorneie Rusten 1793-1875. Knut var i 1865 ugift, han budde saman med Guri Jacobsdotter Einarsplassen f.1814 dotter til Jakob Jakobsen Rustmo Veggumseie 1794-1846 og Mari Larsdtr. Einarsplassen 1785-1871. Knut og Guri vart gifte i 1866, dei reiste til Amerika i 1874. Guri hadde 2 barn:

Peder f.1841, faren var Erland Olsen (Skaar?). Til USA

Anne, til USA

Kjelder:

Paul Brun: om lokalisering mm.

Digitalarkivet: folketeljingar, kyrkjebøker

Opplandsarkivet Vågå: familieark mm.

## Mari Ymbjørøyen

Mari Jakobsdotter Einarsplassen 1886-1975 budde etter ho vart enkje i 1916 i ei stugu der den gamle Skårsbrekkevegen kryssar vegen til Lauvrud. Mari budde det til 1950-talet. Mari var dotter til Jakob Jakobsen Einarsplassen f.1852 og Ingebjørg Iversdotter øvre Rusten Faulstadeie, Heidal f.1862. Mari vart 1911 gift med Ole Olsen Imbjørøien, Sel 1885-1916 son til Ole Olsen Imbjørøien f.1845 og Ragnhild Hansdtr. Mari og Ole hadde 3 barn:

Ragnhild f.1912, g.m. Edvin Brun frå søre Åsåren

Hjalmar f.1915, g.m. Ragnhild Skjedsvold, til Rottemshågå

Olav Magnus f.1916, g.m. Solveig Brun. Brattråket på Lalm.

Kjelde:

Paul Brun

Synnøve Teigen Solbakk, Gåmålt og nytt frå Sal Bind III, 2005: Folket i Veggumsgrenda

## Skår nedre

Gnr. 156 bnr. 1, løpenr. 165

Nedre Skår låg til prestbolet, i jordebok i 1576 gjekk det fram at landskylda var på ½ hud. I 1590 fekk Siver Bjørnstad bot fordi han hadde teke til seg ein jordpart av Skår som låg til prestbolet.

Brukar i nedre Skår var i 1645 Peder, han vart nemnd i skattelister til 1653.

I 1668 var det Engebredt som var brukar av 1 hud som tilhørde prestbolet, han vart nemnd frå 1654. Det var skifte etter Ingelbret Mikkelsen i 1674, han var gift med Aagot Jonsdotter d.1682. Engebret f.ca.1616 og Aagot hadde 3 barn:

Mikkel f.ca.1658 d.1708, neste brukar

Thore f.ca.1660, til Pillarviken

Mari

Aagot hadde vore gift tidlegare og hadde to sønner, farsnamnet gjer at ei hypotese er at Aagot hadde vore gift med den Peder som var brukar i 1645:

Jon Pedersen f.1651

Steinar Pedersen f.1654

Steinar Skår fekk i 1675 bygsel frå presten, men Aagot gjekk til sak i 1681 og vann fram i at ho hadde rett til bygselen etter bygselbrevet til mannen Ingelbret frå 1664.

Mechel Ingelbretsen Skår d.1708 var gift med Ingebor Pederdotter, i 1711 var det Ingebor som vart nemnd som brukar. Mikkel og Ingebor hadde 4 barn:

Jugelbret f.ca.1695 d.1766, neste brukar

Peder

Simen

Aagaadt

Ingebret Mikelsen Skår fekk i 1722 bygsel frå presten på nedre Skår 1 hud 2 skinn vart nemnd som brukar i 1724 da han pantsatte dyr og avling. Engebret var gift med Anne Hansdotter d.ca.1745, dei hadde 6 barn:

Embiør f.1725, seinare brukar

Michel f.ca.1731, g.m. Imbjør Arnesdtr. f.ca.1724. Til Tamburplassen.

Anne f.ca.1737

Hans f.ca.1739

Else f.ca.1740  
Simon f.ca.1741

Presten bygsla i 1744 bort nedre Skår 1 hud 2 skinn til soldat Jacob Siversen Fogstad, Engebret Michelsen har overlate bygselen til han på vilkår at han giftar seg med ei av døtrene. Jakob fekk 2 barn utanom ekteskap:

Siver, mora var Brynild Larsdtr.  
Jacob 1750-1750, mora var Brit Jacobsdtr.

I 1751 bygsla presten bort nedre Skår 1 hud 2 skinn til soldat Gulbrand Ennersen og kona. Gulbrand Enersen f.1722 d.etter 1801 vart i 1751 gift med Imbjør Engelbretsdotter 1725-1753 som truleg var dotter til Ingebret Mikelsen. Gulbrand og Imbjør hadde ikkje barn. Enkjemann Gulbrand Enersen vart i 1754 gift på nytt med Ragnild Toresdotter d.etter 1772, dei hadde 1 barn:

Kari f.ca.1753 d.1806, neste brukar

Kari Gulbrandsdotter Skår vart i 1772 gift med Hans Siversen f.ca.1743 d.1813. Hans Siversen fekk bygsel frå presten i 1772, og i 1788 kjøpte han krøtter og husgeråd frå svigerfaren for 265 rd. Han og Kari hadde 3 barn:

Gulbrand f.ca.1773 d.1865, neste brukar  
Syver 1778-1837  
Imbjør f.ca.1783 d.1802

Gulbrand Hansen f.ca.1773 d.1865 fekk i 1807 bygsel frå presten på nedre Skår 1 hud 2 skinn. Gulbrand vart i 1805 gift med Ragnhild Christohersdotter f.ca.1768 d.1839 frå megarden Storvik, dei hadde 3 barn:

Hans 1805-1881, neste brukar  
Christoffer 1808-1888, g.m. Mari Johnsdtr. Sør-Stade 1808-1860. Til Bakken.  
Gulbrand 1812-1886

Hans Gulbrandsen Skår 1805-1881 kjøpte i 1839 nedre Skår med kongeskjøte for 600 spd. Hans vart 1838 gift med Marit Iversdotter Bu f.ca.1815 d.1849, dei hadde 1 barn:

Ragnhild f.1840, g.m. Paul Kristensen Snerle 1824-1910

Etter at Hans Gulbrandsen var død i 1881 var det dottera Ragnhild og mannen Paul Kristensen Snerle som ervde nedre Skår.

I 1905 var det skjøte frå Paul Christensen Snerle og Ragnhild Hansdotter, arving etter Hans Gulbrandsen Skaar og hustru, til sonen Gulbrand Paulsen. Gulbrand hadde truleg overteke lenge før dette, i 1900 var han nemnd som sjølveigande gardbrukar i nedre Skår. Gulbrand Paulsen Snerle f.1870 vart 1897 gift med Gunhild Olsdotter Kjølstad 1874-1949, dei hadde 3 barn:

Ragnhild f.1898  
Paul 1901-1902

Ole 1901-1971, neste brukar

Olav G Skaar fekk i 1931 skjøte frå foreldra på nedre skår for 8000, herav for lausøyre kr 4000. Olav Skaar vart 1936 gift med Karen Klashaugen, Heidal f.1910. Dei hadde 1 barn:  
Gunhild f.1938, neste brukar

Gunhild Skår f.1938 overtok etter faren i 1970. Gunhild vart 1965 gift med Magnus Ymbjørgøyen f.1943 son til Hjalmar Ymbjørgøyen f.1914 og Ragnhild Skjedsvold f.1916. Gunhild og Magnus har 2 barn:  
Olav f.1965, neste brukar  
Kari Rannveig f.1967

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slechter i Vågå og Lom, Tolstadslekten m.m.  
Digitalarkivet: panteregister  
Norske gardsbruk 1953-1997  
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

## Skurdal

Amund Knutsen Skurdal 1728-1811 vart i 1776 og 1780 nemnd i liste over husmannspengar, og i 1801 som husmann under Skår. Amund var gift med Karen Michelsdr. f.ca.1730 d.1804, dei hadde 9 barn:

Knut 1755-1842, g.m. Marit Knutsdotter 1757-1834. Til Svarvarhaugen.  
Ingri 1757-1842, ugift i 1801, hadde dottera Anne Imbretsdotter f.ca.1792  
Anne 1761-1763  
Iver 1763-1763  
Jon f.1764  
Anne 1769-1771  
Anne 1773-1773  
Michel f.1775, g.m. Kari Knutsdr. f.ca.1777 Til Kvernhusbakken  
Ane 1781-1782

Ivar Skurdal 1785-1831 var frå Svarvarhaugen, son til Knut Amundsen Skurdal og Marit Knutsdr. Amund og Karen Skurdal var dermed besteforeldra hans. Iver vart 1806 gift med Rønnov Stenersdotter Nettet f.ca.1786 d.1849 dotter til Stener Olsen Nettet 1747-1812 og Brith Povelldr. f.ca.1754 d.1796. Ved barnefødsler fram til 1821 var familien på Skårseie som truleg var Skurdal, etter dette var dei på Rottemseie som truleg var øvre Bakkom. Det er kjend at Ivar var pottemakar ved Melsætra. Iver og Rønnaug hadde 9 barn:

Marit f.1806, g.m. Thor Knutsen Kleppeie f.ca.1803. Til Kluften.  
Knut 1810-1834, Rottemsbakken  
Stener 1812-1857, g.m. Kari Johannesdr. Tolstadeie Kleiven

Brith 1815-1887, g.m. Nils Olsen Snerleeie 1803-1883. Til Snerlebakken  
Iver f.1818, g.m. Jørann Olsdr. Harlaugseie f.ca.1817. Til Fron  
Poul f.1821, g.m. Rønnaug Hansdtr. Sørum Laurgardseie f.ca.1822. Til Bud.  
Mali f.1824  
Amund f.1827  
Amund f.1829

I 1865 og 1875 var Ener Jonsen 1787-1878 føderådsmann. Ener vart 1814 gift med Mari Gulbrandsdotter f.ca.1792 d.1870. I 1817 var familien på Ryeneie og i 1820 var dei inderster på Rottenseie. Ved barnefødsel i 1822 var dei komne til Skaarseie som truleg var Skurdal. Ener og Mari hadde 10 barn:

Eli f.1814  
Gulbrand f.1817  
Dorthe f.1822  
Marit 1825-1825  
Marit f.1826  
Jon f.1830, seinare brukar  
Ole 1833-1918, neste brukar  
Mari 1836-1836  
Ener 1842-1922, g.m. Barbro Paulsdtr. Stokstad 1820-1890, g.2.m. Anne Jakobsdtr.  
Jakobstad, Sel f.1854. Til Barbrostugu på Lalm.

Ole Enersen var i 1865 husmann med jord på Skurdal, men i 1875 hadde han bytt med broren og var husmann på Skårsreiret. Ole vart 1854 gift med Eli Pedersdotter Tolstadeie 1830-1923 dotter til Peder Svendsen Tolstadeie, dei hadde 6 barn:

Mari f.1855  
Peder f.1858  
Imbjør f.1860  
Einar 1863-1940  
Ole f.1866  
Paul f.1870

I 1875 og 1900 var Jon Einarsen Skurdal 1830-1920 husmann med jord på Skurdal. Jon var gift med Anne Pedersdotter Harlougeie, Heidal 1829-1917. I 1865 var familien husmannsfolk på Reiret. Jon og Anne hadde 6 barn:

Mari f.1854, g.m. Ole Nilsen Snerlebakken f.ca.1839  
Mari f.1856  
Ener 1859-1954, neste brukar  
Kari f.1862  
Ingeborg f.1866  
Anne f.1870

Ener Skurdal 1859-1954 var gift med Kari Bakkum n. 1863-1896 dotter til Erik Olsen Bakkum. Ener og Kari hadde 5 barn:

Anne f.1885, til USA 1902  
Kari f.1887  
Mari 1890-1982, neste brukar  
Marit 1892-1982, g.m. Hans Tamburplassen 1892-1974  
Kari f.1895

Skurdal gnr. 156 bnr. 8 vart frådelt frå nedre Skår i 1935 med skjøte frå Ola G Skaar til Anton P Fossen for kr 2500,-. Anton 1883-1970 var son til Per O Fossen og Mari Kleiven. Per vart 1923 gift med Mari Skurdal 1890-1982. Anton og Mari hadde 3 barn:

Kari f.1923, g.m. Svein Wahlquist. Til Stokstad nistugu  
Marit f.1928, g.m. Hans Sveen m. f.1927  
Per f.1931, neste brukar

Per A Fossen overtok i 1951. Han overtok Rindsætra i 1965 frå onkelen Knut Fossen.

Håkon Sveen f.1969 overtok etter onkelen. Håkon er son til Marit Skurdal og Hans Sveen.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

## **Plassen – Tamburplassen**

Mikel Embretsen f.ca.1735 var i 1801 husmann under nedre Skår. Han vart også nemnd i liste over husmannspengar i 1776, i 1780 som Mikkell Pladsen. Michel var frå nedre Skår son til Ingebret Mikelsen Skår f.ca.1695 d.1766 og Anne Hansdtr. d.ca.1745. Mikkell vart nemnd i liste over husmannspengar i 1776. Mikkell var gift med Imbjør Arnesdotter f.ca.1724. Mikel og Imbjør hadde 1 barn:

Anne f.ca.1756

Anne hadde utanfor ekteskap med Erik Johannesen 1 barn:

Hans 1792-1865, neste brukar

Hans vart 1819 gift med Ingeborg Hansdotter Aasorneie (Myrum?) f.ca.1799 d.1820.

Hans vart 1822 gift på nytt med Ragnhild Jørgensdotter Statshaugen, Dovre 1803-1876, dotter til Jørgen Jørgensen Rudi, Dovre 1773-1845 og Marit Johannesdtr. Silihaugen 1776-1855.

Hans og Ragnhild hadde 6 barn:

Hans 1822-1822

Østen 1824-1876, neste brukar

Anne f.1830

Rønnog f.1835, g.m. John Stokstadløkken 1835-1876

Marit 1844-1847

Hans f.1848

Østen var i 1865 og 1875 husmann med jord. Han vart 1861 gift med Marit Larsdotter Harildstadeie Bruylkkja 1825-1897 dotter til Lars Larsen 1776-1860 og Marit Olsdtr. 1785-1868. Østen og Marit hadde 8 barn:

Hans 1852-1936, neste brukar

Ragnhild f.1855

Marit f.1857

Lars 1859-1865

Anne 1862-1863

Amund 1864-1865

Lars 1866-1877

Anne f.1869, g.m. Mathias Flotten f.1870

Marit Larsdotter vart 1896 gift på nytt med enkjemann Jakob Jakobsen Einarsplassen f.1830.

Hans var i 1900 og 1920 husmann på Plassen. Han vart 1877 gift med Ragnhild Hansdotter Høiberg, Espedalen f.1852 dotter til Hans Olsen Høiberg, Sel f.1821 og Kari Johannesdtr. Odde, Follidal. Hans og Ragnhild hade 7 barn:

Østen 1875-1877

Østen 1879-1879

Marit f.1880, g.m. Redvald nordre Sjugurdsæter, Heidal

Hans f.1883, g.m. Sofie P Flåtten, Sel f.1883. Budde på Tamburplassen.

Kari f.1886, neste brukar

Jørgen 1890-1891

Hans 1892-1974, g.m. Marit Skurdal 1892-1982. Til Jespriktplassen.

Kari var gift med Hans Olsen Høiberg (Hesthagen) f.1878. Kari og Hans reiste til USA, Kari og barna kom att ca. 1916-1920. Hans og Kari hadde 2 barn:

Johan 1913-1991, neste brukar

Helga f.1915, g.m. Petter Kleiven. Dei har bygd på tomt frå bruket.

Tamburplassen gnr. 156 bnr. 7 vart 1932 frådelt frå nedre Skår med skjøte i 1933 frå Olav G Skaar til Johan Høiberg for kr 1000. Hans Østensen hade føderåd til verdi kr 1000.

Johan vart 1936 gift med Gudrun Paulsdotter Fredriksen 1919-1996 dotter til Paul Fredriksen og Kari Kongsrud. Johan og Gudrun hadde 3 barn:

Håkon 1936-1997, g.m. Martha Reiremo

Klara 1938-2022, neste eigar

Grete Jorun f.1949, g.m. Kåre Einstulen 1946-1995

Klara overtok i 1994. Ho vart 1966 gift med Amund Reiremo 1930-2018 son til Ola T Reiremo 1887-1971 og Ragnhild Brenden, Heidal 1888-1974. Klara og Amund hadde 3 barn:

Jan Gunnar f.1960, neste eigar

Arne f.1966, til Drogen

Rune f.1969

Jan Gunnar overtok i 1997. Han vart 1983 gift med Astrid Olsdotter Berget, Lesja f.1962 dotter til Ola Berget f.1931 og Marit Eriksen f.1934. Jan Gunnar og Astrid har 1 barn:  
Terese f.1990

### **Brekkevegen 87.**

Helga Høiberg f.1915 og mannen Petter Kleiven bygde på festa tomt. I 2022 vart dette oppretta som gnr. 156 bnr. 69. Rune Magne Lien f.1971 har heimel frå 2022.

Kjelder:

Paul Brun: Slektoversikt Tamburplassen

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

## **Skårshaugen**

Enkjemannen Ole Johannesen Brækken f.1846 budde i 1900 på Skårshaugen. Han var frå Skårsbrekka son til Johannes Thoresen Stokstadeige Nylykkja 1826-1918 og Brit Guttormsdotter Skaarseie Jespriktplassen 1823-1901. Ole var gift med Eldri Eriksdotter Haugen f.ca.1847, dei budde i Skårsbrekka både i 1875 og 1891. Ole og Eldri hadde 5 barn:

Brit f.1871

Johannes f.1873

Ragnhild f.1877

Guttorm 1880-1927, neste brukar

Erik f.1891

Skaarshaugen gnr. 154 bnr. 4 vart 1915 frådelt frå nedre Skår med skjøte frå Gudbrand Skaar til Guttorm O Brækken for kr 900. Ved fødsel i 1913 budde deo på Skårshaugen. Guttorm Brekken 1880-1927 var gift med Kari Aslesdtr. Tørrisdokken, Gol 1887-1978. Guttorm og Kari hadde 6 barn:

Olga 1906-1982, g.m. Johan Berg

Anna 1907-1986, g.m. Einar Murud

Ola 1909-1987, g.m. Ida

Eldri 1912-1972, g.m. Anton Løkken

Karoline f.1915, g.m. Sverre Martinsen

Gunvor f.1917, neste brukar

Gunvor Brekken vart 1945 gift med Ola Storengen f.1920 son til Erik Storengen, Dovre f.1869 og Mari Botten, Dovre f.1880. Gunvor og Ola overtok Skårshaugen etter Kari i 1950. Ola og Gunvor hadde 2 barn:

Kari Marie f.1945, g.m. Arve Normann

Eva Grete f.1947

Gerd Oddny f.1960, neste eigar

Gerd Oddny fekk heimel til eigdommen i 2009.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Seeiendom.no

## Jespriktplassen

Jesper Poulsen f.ca.1727 var i 1801 husmann under Skår. Jesper var gift med Kari Embretsdotter f.ca.1732.

Guttorm Pladsen vart i 1832 og 1833 nemnd under Skår i liste over husmannspengar. I 1865 var Guttorm føderådsmann på Jesbrigtpladsen. Guttorm Olsen Skaarsejet f.ca.1797 d.1868 vart 1821 gift med Rønnov Jakobsdotter Waage Prestgardsejet f.ca.1797 d.1875. Guttorm og Rønnov hade 3 barn:

Brit f.1823

Mari f.1827

Ole f.1830, neste brukar

Enkjemannen Ole Jespriktplassen 1830-1913 var i 1910 husmann. Ole vart 1854 gift med Gunild Pedersdotter Tolstadeie f.ca.1834 dotter til Peder Svendsen Tolstadeie. Ole og Gunild hadde 11 barn:

Guttorm f.1854

Marit f.1855

Rønnaug f.1858, ugift, på Jespriktplassen i 1910

Brit 1860-1957, g.m. John Rusten Legun f.1832.

Peder f.1863

Jacob f.1867

Paul f.1868

Mari f.1871

Ole f.1873

Hans 1876-1881

Hans f.1878, til amerika ca.1894

Ole hadde før ekteskapet 1 barn:

Guttorm f.1854, mora var Imbjør Larsdtr. Sandboeie Lundh

Jespriktplassen gnr. 156 bnr. 5 vart 1916 frådelt frå nedre Skår med skjøte frå Gudbrand P Skaar til Hans Hansen Pladsen for kr 650. I 1936 var det frådelling og skjøte på Flaten gnr. 156 bnr. 10 i Rindalen frå Olav G Skaar til Hans H Jepriktplassen. Hans 1892-1974 var frå Tamburplassen son til Hans Plassen f.1852 og Ragnhild Høiberg, Sel f.1851. Hans vart 1914 gift med Marit Skurdal 1892-1982. Hans og Marit hadde 3 barn:

Harald 1914-1949, g.m. Anne Wahlquist

Erling f.1916, neste brukar

Ragna f.1926

I 1940 var det skjøte på Jespriktplassen og bnr. 10 frå Hans H Plassen til Erling H Plassen for kr 1000 samt føderåd til Hans og Marit verdsett til kr 2000.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

## Brækka – Skårsbrækka

Johannes Thoresen var i 1865 og 1875 husmann med jord på Brækken under nedre Skår. Johannes Thoresen Stokstadeige Nylykkja 1826-1918 var son til Tore Larsen f.ca.1779 d.1835 og Rønnaug Olsdotter Stokststad m. 1792-1879. Johannes vart 1845 gift med Brit Guttormsdotter Skaarseie Jespriktplassen 1823-1901 dotter til Guttorm Olsen Jespriktplassen 1830-1913 og Gunhild Pedersdtr. Tolstaeie f.ca.1834. Johannes og Brit vart nemnd som husmannsfolk frå 1849, Skårseige frå 1852. Johannes og Brit hadde 10 barn:

Ole f.1846, neste familie

Rønnog f.1847, til Rennebu

Guttorm f.1849, seinare familie

Peder f.1852

Kari 1855-1855

Johannes f.1856, til Grimstad 1882

Mari f.1859

Brit 1862-1865

Jacob f.1863

Bernt f.1866

Ole f.1846 var gift med Eldri Eriksdotter Haugen f.ca.1847, dei budde i Skårsbrekka både i 1875 og 1891. i 1900 var dei på Skårshaugen. Ole og Eldri hadde 5 barn:

Brit f.1871

Johannes f.1873

Ragnhild f.1877

Guttorm 1880-1927, g.m. Kari Aslesdtr. Tørrisdokken, Gol 1887-1978, til Skårshaugen.

Erik f.1891

Også i 1891 var Johannes 1826-1918 registrert som familiens overhovud. Det var også sonen Guttorm. Guttorm var gift med Anne Jakobsdotter f.1852, dei hadde 5 barn:

Bærdina f.1881

Mari f.1883

Rønnaug f.1885

Johannes f.1887

Jakob f.1890

I 1900 ser det ikkje ut til å bu nokon i Skårsbrekka.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

## Spellmannsstugu – Bruheim

Ola Syversen Skaar 1772-1863 selde i 1848 øvre Skår til brukaren av nedre Skår. Ola fekk seg opp ei stugu ved Lalmbrua med grunnen til nedre Skår. Ola som vart kalla Spellmanns-Skaarin vart 1802 gift med Ingeborg Hansdotter Klokkargarden 1779-1867, dei hade 6 barn:

Syver 1803-1877, g.m. Ragnild Olsdotter Slaaen Harlaugeie, Heidal 1809-1899. Veslsætra  
Anne f.1805  
Mari f.1810  
Marit f.1813  
Ingri f.1816  
Ener f.1819

I 1891 var det Mari Pedersdotter f.1834 som var overhovud i Spillemandsstuen. Mari Pedersdotter Tolstadeige var dotter til Peder Svendsen Tolstadeige. Mari vart 1858 gift med Peder Hansen Lieneige Brændhaug f.1832 son til Hans Erlandsen. I 1910 budde familien i Spelmandstuen, i 1900 står det Brosletten som truleg er same plassen. I 1920 skreiv familien seg for Brændhaug. I 1875 budde familien i nedre Skår. Peder og Mari hadde 8 barn:

Hans 1858-1946, g.m. Rønnaug Syversdtr. Sagdalen f.1859. Til Teigen og Steinstugu.  
Marit 1860-1863  
Rønnaug 1863-1950, g.m. Ola Andersen Raastad s. 1855-1928  
Paul f.1866  
Marit f.1868, i Spelmannsstugu i 1920, hadde med Paul Jonsen Mokværn f.1880 1 barn:  
Petra f.1906, neste eigar  
Mari f.1870  
Anne f.1875  
Pauline 1877-1913, hadde med Ola Olsen Sveen dottera Mari 1908-1975

Petra var gift med Hans Løkken øvre 1899-1947. Bruheim gnr. 156 bnr. 9 vart frådelt frå nedre Skår i 1935 med skjøte frå Ole G Skår til Hans Løkken for kr 125. I 1938 fekk Hans O Løkken bygsel på tomtefeste nr. 8 frå Olaf Bakken, dette tilleggsarealet gnr. 156 bnr. 50 vart frådelt frå Bakken i 1982 med skjøte til Petra Løkken.

Hans og Petra hadde 1 barn:

Magnhild, g. Thomassen

Bruheim gnr. 156 bnr. 9 samt gnr. 156 bnr. 50 vart i 1991 overført med skjøte til Geir Åge Løkken f.1967. Han er son til Reidar Løkken som var nevø til Hans Løkken.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Paul Brun, Jutulen 2022: Spellmanns-Skaarin

## **Bustadhus mm. frådelt frå nedre Skår**

### **Øverbygdsvegen 10.**

K Kleiven fekk i 1943 bygsel på tomt frå nedre Skår. Tomta gnr. 156 bnr. 65 vart frådelt frå nedre Skår i 2005. Bernt Ola Kleiven f.1954 har heimel frå 2005.

### **Sjårdalsvegen 1192.**

Haraldstad gnr. 156 bnr. 17 vart 1954 frådelt frå nedre Skår gnr. 156 bnr. 1 med skjøte frå Olav G Skaar til Harald Bråten. Harald flytta butikken hit frå den gamle ved brua, truleg var dette midt på 1960-talet. Harald f.1918 var gift med Martha Skogheim f.1921. Wenche Braaten Mikalsen f.1982 har heimel til eigedommen frå 2017.

### **Sjårdalsvegen 1162.**

Ottvik gnr. 156 bnr. 18 vart 1955 frådelt frå nedre Skår med skjøte frå Olav G Skår til Leif Inge Skogstad. Leif var gift med Gunvor Kleiven n.

### **Sjårdalsvegen 1156**

Gnr. 156 bnr. 53 vart 1983 frådelt frå nedre Skår med skjøte til Anne Grete Pedersen f.1960 og Geir Pedersen f.1959.

### **Sjårdalsvegen 1161**

Sandvold gnr. 156 bnr. 29 vart 1974 frådelt frå nedre Skår med skjøte til Einar Skogum f.1946.

### **Sjårdalsvegen 1153**

Grustuen gnr. 156 bnr. 25 vart 1970 frådelt frå nedre Skår med skjøte 1971 til Jørgen Lillebråten.

### **Sjårdalsvegen 1163**

Finnhaug gnr. 156 bnr. 27 vart 1972 frådelt frå nedre Skår med skjøte til Audun Olderløyken.

### **Sjårdalsvegen 1157**

Furulund gnr. 156 bnr. 40 og 41 vart 1979 frådelt frå nedre Skår med skjøte til Øyvind Ludvigsen f.1951. I 1991 var det skjøte til Sverre Bråten f.1957 og Gerd Bakke f.1950.

### **Sjårdalsvegen 1155**

Gnr. 156 bnr. 38 vart frådelt frå nedre Skår i 1979 med skjøte til Rolf Olderløyken f.1952.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.

Paul Brun

## Bakken – Kvernhusbakken

Bakken gnr. 156 bnr. 2

Soldat Hans Larsen f.ca.1739 d.1813 vart 1767 gift med Synnev Olsdotter f.ca.1744 d.1807 dotter til Ole Tordsen Hammer f.ca.1692 d.1777 og Randi Rasmusdr. I 1801 var Hans og Synnev husmannsfolk under Skår, Hans Bakken vart også nemnd i liste over husmannspengar i 1776. Hans og Synev hadde 1 barn:

Lars 1767-1832, g.m. Kirstie Toresdr. Kleiven n. 1765-1834. Til Kleiven.

I 1832 og 1833 var Mikkell Bakken husmann under Skår. Michel Amundsen f.ca.1773 d.1844 var frå Skurdal son til Amund Knutsen Skurdal 1728-1811 og Karen Michelsdr. f.ca.1730 d.1804. Mikkell vart 1799 gift med Kari Knutsdotter f.ca.1777. Mikkell var føderådsmann på Skurdal da han døydde i 1844. Mikkell og Kari hadde 2 barn:

Amund f.1799, g.m. Marit Knutsdr. Veggumseige f.1800. Til Kullbotten u. Formo

Anne f.1804, g.m. Ole Knutsen Bårstadeige f.ca.1804 d.1882. Til Sørhaugen.

Christopher Gulbrandsen Skaar 1808-1888 var frå nedre Skår, son til Gulbrand Hansen Skaar f.ca.1773 d.1865 og Ragnhild Christophersdr. Storvik m. f.ca.1768 d.1839. Kristoffer vart 1834 gift med Mari Johnsdotter Sør-Stade 1808-1860 dotter til John Valde. I 1835 var dei husmannsfolk på Skårseie. Christoffer og Mari hadde 1 barn:

Ragnhild 1835-1924, neste brukar

Ragnhild Christoffersdøtter Bakken vart 1853 gift med Iver Knudsen Fjerdingsren 1831-1895. Bakken gnr. 156 bnr. 2 vart i 1878 frådelt frå nedre Skår gnr. 156 bnr. 1. Iver Knudsen kjøpte i 1855 Pillarviken som familien eigde til 1897, men ved folketeljingar vart familien nemnd på Bakken. Iver og Ragnhild hadde 7 barn:

Christopher f.1854, neste brukar

Mari f.1857

Knut 1861-1862

Knut f.1866

Marit f.1869

Knut f.1875, g.m. Rønnaug Olsdr. Teigen f.1867. Til Rindsæteren.

Mari f.1877.

I 1897 var det skjøte frå Iver Knudsens enkje og arvingar til Kristoffer Iversen for 400,-, Ragnhild Kristofersdotter fekk føderåd.

Marit Iversdotter var ugift, men hadde barn med Ole Olsen Hammerløkken f.1868:

Ragnhild 1896-1964, g.m. Ingvald Fredriksen 1910-1954

Olaf 1904-1993, neste brukar

Olaf Bakken overtok i 1923 etter morbroren Kristoffer Bakken med skjøte i 1925 for kr 6000,- inkl. lausøyre kr 3000,- samt føderåd kr 5000,- til Marit Iversdotter og Kristoffer I Bakken. Olaf vart 1939 gift med Marta Olausen, Drammen 1907-1986, dei hadde 3 barn:

Marit f.1942, neste eigar

Grete

Kristian

Marit Bakken overtok etter faren i 1997. Marit vart 1959 gift med Ola Stadeløkken f.1936 son til Syver Stadeløkken 1899 og Ragnhild Bråten f.1900. Marit og Ola har 7 barn:

Odin f.1959, g.m. Kirsten Hoff

Mona f-1962, g.m. Trond Amund Moe

Rakel f.1964, sbm. Kuno Weihing

Simon f.1965, g.m. Elin Skogen

Øyvin f.1968, sbm. Hanne Iren Bergersen

Jan f.1970, sbm. Ann Irene Johansen

Vidar f.1972, var g.m. Ann Cathrin Kaldhusdal

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

## **Barbrostugu – Broen**

I 1875 var Einar Einarsen busett på Skaarseie, i 1891 var han i Barbrostugu som truleg var same plassen. Barbrostugu er borte i dag, den låg innanfor vegen litt aust for der Bråtenbutikken ligg utanfor. Ener Enersen 1842-1922 var frå Skurdal son til Ener Jonsen 1787-1878 og Mari Guldbrandsdotter f.ca.1792 d.1870. Einar vart 1868 gift med Barbro Paulsdotter Stokstad nördre 1820-1890 dotter til Paul Larsen Stokstad 1785-1836 og Mari Hansdotter Stade n. f.ca.1790 d.1846. Barbro hadde dottera

Mari Johnsdotter f.1853, budde her på Skaarseie i 1875

Einar vart 1890 gift på nytt med Anne Jakobsdotter Jakobstad, Sel f.1854 dotter til Jacob Andersen f.ca.1812 og Rønnaug Larsdtr. f.ca.1815. I 1900 og 1920 vart Einar og Anne nemnd som Broen og dreiv med kaffesalg. Broen var husmannsplass under Bakken gnr. 156 bnr. 2 og var truleg med da Bakken vart frådelt frå nedre Skår i 1878.

Anne hadde før ekteskapet 2 barn:

Jakob 1883-1884, faren var Jakob Jakobsen Einarsplassen f.1852

Mari 1885-1965, faren var Ole Johnsen Brustuen f.1857. Mari budde hjå Einar og Anne i 1891. Mari gift med Paul Olsen Moshuset f.1884, til USA

I 1925 var det bygsel frå Kristoffer I Bakken til Ragnhild Olsdotter Bakken 1896-1964 på eit to mål stort jordstykke (tomtefeste nr. 4.) med sæterkve på Bringgen. Det ser ikkje ut til at det

vart bygd på denne tomte. Ragnhild var gift med Ingvald Fredriksen 1910-1954, dei budde på Bakken. Ragnhild var syster til Olaf Bakken, da ho gjekk bort i 1964 overtok Olaf og arealet gjekk såleis attende til Bakken.

Barbrostugu gnr. 156 bnr. 54, Brattråket 2, vart 1983 frådelt frå Bakken gnr. 156 bnr. 2 med skjøte frå Olaf Bakken til Hanna Risset f.1958 og Lars Risset f.1958.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

## Mork

I 1931 var det bygsel frå Olaf Bakken til Iver L Sveen. I 1932 vart denne avløyst med var ny bygsel til Jens Skogstad. Iver Larsen Sveen Skogstad 1879-1944 var frå søre Sveen son til Lars Paulsen Sveen f.1824 og Mari Iversdotter Ulsletten 1840-1908. Iver var gift med Ymbjør Johannesdotter Bolstadløyken 1883-1979, ho sat i uskifta bu frå 1944. Familien brukte Skårsreiret/Nyheim som sæter. I 1920 budde familien på Skogstad. Iver og Ymbjør hadde 4 barn:

Leif f.1913

Jens 1916-1979, g.m. Kari Groven 1924-2009

Marit f.1918

Leif Inge 1927-2013

Mork tomt nr. 5 vart 1983 matrikulert som gnr. 156 bnr. 52, Brattråket 6 med skjøte frå Olaf Bakken til Ivar Jørund Skogstad f.1955 og Aud Inger Søreide f.1949 på tomte, samtidig fekk dei også skjøte på bebyggelsen.

Åge Langebro f.1954 har heimel på eigedommen frå 2011.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

## Bustadhus frådelt frå Bakken

### Tomtefeste nr. 1.

Dette låg ved gammelbrua, nå mellom bruene. I 1913 var det bygsel frå Kristoffer I Bakken til Syver L Kleiven. Syver L Kleiven f.1890 var gift med Karen Tobiassen, Fåberg f.1895. Karen dreiv kafe i dette huset. Syver og Karen hadde 2 barn:

Brit f.1920

Lars 1921-1977, g.m. Dagrund Karlsen 1922-2009  
Kleivstad gnr. 156 bnr. 47 vart frådelt frå Bakken i 1979 med skjøte i 1980 frå Olaf Bakken til Vågå kommune. Året etter i 1981 var det skjøte på huset frå Ola P Kleiven til Vågå kommune.

#### **Baksidevegen 1.**

Tomtefeste nr. 3. I 1922 var det bygsel frå Kristoffer I Bakken til Paal Fredriksen. Paal fekk i 1937 auksjonsskjøte på huset på festa tomt. Paal var gift med Kari Kongsrud. I 1980 vart det tinglyst skifteskjøte til sonen Bjarne Fredriksen. Gnr. 156 bnr. 48 vart 1982 frådelt frå Bakken med skjøte frå Olaf Bakken til Bjarne Fredriksen, dette var tomte. Dette ligg ovanfor vegen der Kleivstad låg nedanfor ved gammelbrua.

#### **Brattråket 1.**

Helgestad gnr. 156 bnr. 16 vart 1954 frådelt frå Bakken med skjøte frå Olaf Bakken til Harald Bråten. I 1976 var det skjøte til Helga f.1953 og Helge Sandum f.1946 som bygde der.

#### **Brattråket 3.**

Haugstad gnr. 156 bnr. 51 vart 1983 frådelt frå Bakken med skjøte frå Olaf Bakken til Kåre Olderløyken 1941-1985. Eva Olderløyken overtok ved uskifte i 1985.

#### **Brattråket 4.**

I 1922 var det bygsel frå Kristoffer I Bakken til Peder L Kleiven på tomtefeste nr. 2. Peder var gift med Marit Taulstadløyken f.1901. Peder bygde der, men selde huset til Kvamme-familien etter stutt tid. I 1938 var det bygsel frå Olaf Bakken til Anne G Kvamme på tomtefeste nr. 9 som til dels kan vera same tomte, eller ei tilleggstomt. Anne var dotter til Gabriel og Anne Kvamme. Anne var gift med Birger Slåtten, Helgøya. I 1980 var det skjøte til Annbjørg Kjendlie f.1948 og Karl Gunnar Slåtten f.1953 på feste nr. 2 og 9. Gnr. 156 bnr. 49 Øvre Bruheim som omfatta tomtene 2 og 9 vart frådelt frå Bakken i 1982 med skjøte frå Olaf Bakken til Annbjørg Kjendlie og Karl Gunnar Slåtten.

#### **Brattråket 5.**

Tomtefeste nr. 7. I 1936 var det bygsel frå Olaf Bakken til Knut Næset. Knut 1892-1979 var gift med Agnes Emilie Nygård 1897-1988 frå Kongsvinger. I 1963 var det skjøte frå Knut Næset til Anna Murud. Bakke 1 gnr. 156 bnr. 34 vart frådelt frå Bakken i 1977 med skjøte 1978 frå Olaf Bakken til Anna Murud 1907-1986. i 1987 var det heimelsovergang til Ole Brekken f.1909, Karoline Martinsen f.1915, Gunvor Storengen f.1917, Solveig Løyken Myrum f.1940 og Nils Geir Berg f.1945. Same dagen fekk Johannes Gjeilosjordet f.1919 skjøte. Hakon Joachim Paulsen f.1969 har heimel frå 2019.

**Brattråket 7** gnr. 156 bnr. 33 vart frådelt frå Bakken i 1977 med skjøte i 1979 til Hans Johan Johansen f.1949 og Liv Irene Johansen f.1953. I 1983 var det auksjonsskjøte til Betongindustri as, og i 1985 skjøte til Odd Steinar Espe f.1957.

#### **Brattråket 8.**

Tomtefeste nr. 25. Oddvar Bergdølmo fekk 1968 feste på tomt frå Olaf Bakken. Svingen gnr. 156 bnr. 46 vart frådelt frå Bakken i 1979 med skjøte frå Olaf Bakken til Oddvar Bergdølmo f.1942.

**Brattråket 9.**

Tomtefeste nr. 13. I 1942 var det bygsel frå Olaf Bakken til Trygve Nesset. Haugen gnr. 156 bnr. 31 vart frådelt frå Bakken i 1976 med skjøte 1977 til Trygve Nesset. Trygve var gift med Marit O Reiremo. Trygve vart gift på nytt med Henny Marie Nilsen 1944-2011.

**Brattråket 10.**

Tomtefeste nr. 11. I 1939 var det bygsel frå Olaf Bakken til Petter Eide. Petter f.1911 var gift med Helga Sandbakk, Stryn. Grandstad gnr. 156 bnr. 44 vart frådelt frå Bakken i 1979 med skjøte frå Olaf Bakken til Petter Eide. I 1991 var det skjøte til Hans Petter Eide f.1961.

**Brattråket 11.**

Tomtefeste nr. 6. I 1933 var det bygsel frå Olaf Bakken til Lalm arbeiderlag, Lalm kleberstens arbeiderforening og Lalm skog- og landarbeiderforening. Trygve Evensen overtok festeretten i 1952. Trygve var gift med Helga Sandum. Gnr. 156 bnr. 62 vart frådelt frå Bakken i 1998. Oddny Susanne Horten f.1975 har heimel frå 2004.

**Brattråket 12.**

Tomtefeste nr. 12. I 1942 var det bygsel frå Olaf Bakken til Syver A Barhaugen. Syver var gift med Oline frå Skåbu. Maurstad gnr. 156 bnr. 32 vart 1976 frådelt frå Bakken med skjøte til Oddveig Nordal f.1947 og Kari Johansen f.1943. I 1989 var det skjøte til Gudmund Nigard.

**Brattråket 13.**

Tomtefeste nr. 21. Per J Bråten fekk 1950 feste på tomt frå Olaf Bakken. Per var gift med Marit Reiret. Bakkellund gnr. 156 bnr. 45 vart frådelt frå Bakken i 1979 med skjøte til svingersonen Olaf Sagdalen f.1946, han var gift med Liv Bråten.

**Brattråket 14.**

Tomtefeste nr. 18. I 1947 var det bygsel på tomt frå Olaf Bakken til Anton Løkken. Anton var gift med Eldri Brekken Skårshaugen 1912-1972. Gnr. 156 bnr. 59 vart oppretta 1998. Johannes Myrum f.1944 har heimel frå 2016.

**Brattråket 16.**

Tomtefeste nr. 19. Bygsel 1947 frå Olaf Bakken til Jon H Hagen, son til Mari og Hans Hesthagen. Festeretten vart overført til Einar Magne Mosebakken i 1986. Gnr. 156 bnr. 60 vart frådelt frå Bakken i 1999. Lars Roger Steen f.1981 og Ragnhild A Løkken Steen f.1984 har heimel frå 2007.

**Brattråket 18.**

Tomtefeste nr. 20. Olav Ymbjørøyen fekk 1949 feste på tomt frå Olaf Bakken. Olav var gift med Solveig Brun. Gnr. 156 bnr. 61 vart frådelt frå Bakken i 1999. Magne Einar Ymbjørøyen f.1949 har heimel frå 2011.

**Brekkevegen 1.**

Gnr. 156 bnr. 57 vart frådelt frå bnr. 23 i 1992. Karin E Teppen Kravdal f.1954 har heimel frå 2016.

**Brekkevegen 2.**

Bakkeli gnr. 156 bnr. 24 vart 1970 frådelt frå Bakken med skjøte 1971 til Ola Stadeløkken. Ola var gift med Marit Bakken f.1942.

**Brekkevegen 3**

Skoglund gnr. 156 bnr. 15 vart frådelt frå Bakken gnr. 156 bnr. 2 i 1953. Einarsplassen vart fråflytta i 1955 og nye hus vart bygde på denne tomte av Inga Einarsplassen 1895-1986 og Ragnvald Sletten 1891-1965. Gjermund Øihusom f.1966 og Torhild Eide f.1969 har heimel frå 2005.

**Brekkevegen 4.**

Skogli gnr. 156 bnr. 26 vart 1972 frådelt frå Bakken med skjøte 1973 frå Olaf Bakken til Arne K Stade f.1943. Arne var gift med Grete Bakken.

**Brekkevegen 6.**

Tomtefeste nr. 24. I 1965 var det bygsel frå Olaf Bakken til Ingvald Sandum. Skogly gnr. 156 bnr. 35 vart frådelt frå Bakken i 1977 med skjøte i 1978 til Ingvald Sandum f.1917. Ingvald var gift med Agnes Kleiven f.1920 frå Dokken ved Rottem.

**Brekkevegen 8**

Gnr. 156 bnr. 36 vart frådelt frå Bakken i 1978 med skjøte til Bjarne Storli f.1953. I 1991 var det skjøte til Reidun Olderløkken f.1954.

**Sjårdalsvegen 1188.**

Tomtefeste nr. 14. I 1942 var det bygsel frå Olaf Bakken til Knut Hovde. Knut var gift med Gudrun Kongsrud. Bryn gnr. 156 bnr. 22 vart frådelt frå Bakken i 1965 med skjøte frå Olaf Bakken til Gudrun og Knut Hovde. I 1981 var det skjøte til dottera Gerd Olga Reiremo f.1935, ho var gift med Ola Torvaldsen Reiremo.

**Sjårdalsvegen 1183.**

Tomtefeste nr. 17. I 1947 var det bygselkontrakt frå Olaf Bakken til Johan O Kongsrud. Vegum gnr. 156 bnr. 23 vart frådelt frå Bakken i 1968, skjøte til Johan Kongsrud vart tinglyst 1983. Johan Kongsrud 1910-1973 var gift med Olga Olsdtr. Skogheim 1912-1983. I 1986 var det heimelsovergang til Eva Sidsel Lippert f.1943 og Ove Kongsrud f.1945. Samtidig var det skjøte vidare til Hilmar Steen f.1948. I 1991 var det auksjonsskjøte til Anne Nygjerdet f.1924.

**Sjårdalsvegen 1178.**

Holmestrand gnr. 156 bnr. 20 vart frådelt frå Bakken i 1957 med skjøte frå Olaf Bakken til Ola Torvaldsen Reiremo. Ola var gift med Gerd Knutsdtr. Hovda.

**Pillarvikvegen 48.**

Tomtefeste nr. 23. Asbjørn T Bakken fekk festekontrakt frå Olaf Bakken i 1953. Steinar Evensen f.1961 har heimel til festeretten frå 1979. Marit Stadeløkken f.1942 har heimel til eigedomsretten frå 1997. Gnr. 156 bnr. 63 vart frådelt frå Bakken i 2001.

**Pillarvikvegen 76.**

Tomtefeste nr. 10. I 1939 var det bygsel frå Olaf Bakken til Olaf K Hovde. Olav K Hovde 1909-1984 var son til Knut Hansen Aasen og Anne Olsdtr. Hovde. Olav var gift med Anne Wahlquist f.1922. Anne var fyrst gift med Harald Jespriktlassen 1914-1949. Rindheim gnr. 156 bnr. 39 vart frådelt frå Bakken i 1979 med skjøte til Anne og Olav Hovde.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister

Paul Brun, Svein Kleiven